

## Notat

Dato: 19.01.2017  
Arkivsak: 2016/9382-22  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Status ruteinformasjon på bussar.

Etter initiativ frå fylkeseldrerådet i 2016, har Skyss følgd opp ved å syte for betre informasjon om korleis brukarar kan få ruteinformasjon både i elektronisk og i trykt format. Mellom anna har Skyss produsert plakat og flygeblad som skal vera tilgjengeleg på bussar.



skyss.no

## Kjære kollektiv- reisande!

No finn du ikkje rutehefte om bord i bussane lenger. Pengane vi sparer på å trykke opp færre rutehefte, vil vi bruke på å utvikle kollektivtilbodet vidare.

**Her finn du ruteinformasjon:**

- **Skyss.no**  
Her finn du reiseplanleggaren og alle rutetider. Du kan òg bestille rutetabellar heim i posten.
- **Skyss app**  
I mobilappen «Skyss Reise» kan du planlegge reisa di og finne alle rutetider. For Bergen, Os, Nordhordland, Sotra, Askey og Øygarden får du òg sanntidsinformasjon om når bussen går frå din haldeplass. Appen er gratis og kan brukast både på iPhone og Android smarttelefonar.
- **Ring 177**  
Ring oss for ruteinformasjon - vi hjelper deg gjerne. Du kan òg bestille rutetabellar heim i posten.
- **Skyss kundesenter**  
På Skyss sitt kundesenter på Bergen busstasjon hjelper vi deg gjerne med ruteinformasjon og andre spørsmål. Her kan du òg få rutetabellar.

skyss